



ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2008

Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del

2. Generell del

3. Viltforvaltning

2.1 Villreinformvaltning

2.2 Småviltforvaltning

4. Fiskeforvaltning

3.1 Fiskeutsetting

3.2 Prøvefiskeresultat

3.3 Garnfiskestatistikk

3.4 Kalking

3.5 Anna fiskekultivering

5. Fjellstyrehyttene

4.1 Hyttestyret

6. Beiteleiga

7. Anna

1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 200 og 2008 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2007	2008	UTGIFTER, DRIFT	2007	2008
Salsinntekt	524 183	652 773	Lønskostnader	29 311	41 300
Anna driftsinntekt	9 970	26 958	Avskrivningar	2 350	2 350
Renteinntekt	88 729	120 826	Anna driftskostnad	361 372	476 422
Årsresultat	229 848	261 796			
Bankinnskot	2 244 096	2 189 754			

Inntektene:

- Største inntektspostane er sal av småviltjakt, villreinjakt, fiske, reguleringserstatningar, turkart og festeinntekter.
- Inntektsnivået er auka som følge av bra fiskekortsal, auka festeinntekter og tilskot til ny hytte på Gamla Sandhaug.
- Anna driftsinntekt omfattar leigeinntekter frå fjellstyrehyttene.

Utgiftene:

- Største utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, tilskot til samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda og fellingsavgift.
- Andre faste kostnader er lønskostnader som omfattar styrehonorar og forsikringspremiar.
- Utsifting og supplering av møblar og inventar til hyttene er ein stor utgiftspost.
- Ombygging av hytta på Stigstuv har og medført utgifter på drift og som investering.

Årsresultat:

- Førebels årsresultat viser ei auke med kr 32 000 frå i 2007. Dette skuldast vesentleg inntekt frå fiske og tilskot.

Investeringar:

- Hytta på Stigstuv er bygd om slik at heile hytta kan takast i bruk. Arbeidet omfatta total ominnreiing og samanbygging av dei to brakkedelene, samt renovering av uthuset.

2. Generelt

Fjellstyret hadde 6 styremøte og handsama 25 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret, www.eidfjord-fjellstyre.no

3. Viltforvaltning

3.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda tilsa ein vinterstamme på 11 000 dyr etter jakt i 2008. Dette målet er ikkje nådd.

Samla kvote vart sett til 1 500 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 103 fellingsløyve.

Samjaktordningar med private vald i Eidfjord gav ei ordning med gjensidig samjakt nord for

Nordmannslågenvassdraget. Fjellstyret disponerte 25 % av kvota til dei private valda som kompensasjon for denne ordninga. I tillegg var det samjaktordning med Ullensvang fjellstyre der 10 jegerar hadde høve til å bruka Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget, som motyting kan 10 jegerar frå Eidfjord bruka Ullensvang statsallmenning. Det vart felt 29 dyr på kvota til fjellstyret. Totalt for kommunen vart det felt 52 dyr, truleg vart det meste felt på statsallmenningen.

Jakttida var satt til 23.08-21.09, samordna med andre område i Eidfjord. Dårleg jakt og låg felling gjorde at fjellstyret vedtok å utvide jakta til ut september.

3.2 Småviltforvaltning

Statistikken for småviltjakta viser felte ryper pr jeger på grunnlag av innkomne rapportar. Jegerdøgn/km² er eit mål for kor hardt jaktrykk det er på rypestamma. Generelt er jegertrykket på område nær veg hardest.


Småviltområde	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Område 1													
rype/jeger	9,5	7,0	9,2	6,0	3,3	6,7	3,3	3,3	7,5	7,0	4,2	4,9	3,8
jegerdøgn/km ²	1,2	0,7	0,2	0,4	0,7	0,5	0,6	0,8	0,9	0,7	1,1	1,5	1,4
Område 2													
rype/jeger	5,6	5,2	10,3	6,2	3,3	8,5	7,8	2,0	3,5	3,8	4,0	5,7	1,7
jegerdøgn/km ²	1,3	0,9	0,3	1,7	0,9	0,9	0,4	1,1	1,6	1,1	1,1	1,5	1,2
Område 3													
rype/jeger	4,1	3,9	5,8	3,7	4,1	4,4	5,5	2,0	3,3	2,7	2,4	3,5	1,8
jegerdøgn/km ²	1,9	1,5	0,5	1,3	0,6	1,5	1,5	1,4	1,7	0,8	1,2	2,0	1,0

Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. Resultatet visast i tabellen under, og med låg rypeettleik og låg kyllingproduksjon siste år.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/obs	Ryper/km ² (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7 (5-10)	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8 (6-12)	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4 (2-6)	2,9

3. Fiskeforvaltning

Garnfiskestatistikken viser god avkastning, sjølv om fangstsinnsatsen er gått noko ned ligg fangstane på nivået frå før 2003. Garnfiskereglane var endra slik at fiske slutta ei veke tidlegare, dette kan og vera medverkande til nedgangen.




Til saman var det 113 som hadde løyst garnfiskekort, 14 har rapportert at dei ikkje har fiska. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

3.1 Fiskeutsetting

Det vart sett ut 378 villfisk i Tinnhølen fanga i Svinto og Bjoreio. Dette var som resultat av ein fiskedag med mellomtrinnet ved Lægroid skule og Statkraft. Resultat av merka fisk i Tinnhølen viser god vekst.

Samstundes med overvaking av vasskvalitet i Svartavatnvassdraget, vart det undersøkt botndyr, ført loggar på vatntemperatur og målt lengde på yngel. Resultatet under viser god samanheng mellom "varme og kalde" somrar og yngellengde. Yngellengde har stor betydning for overleving av yngel og behovet for setjefisk.



3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2008; Svartavatnet, Drageidfjorden og Svartavasstjørn.


Tiltak og konklusjonar frå dei enkelte prøvefiske:

Svartavatnet

Prøvefisket viser ein stabil situasjon med tilstrekkeleg rekruttering. Vatnet treng haustast for å betra kvaliteten på fisken. Kurven under viser prosentvis fordeling på lengdegrupper frå 13cm opp til 40cm.


Konklusjon/tiltak

- Fiskestamma ser ut til å gje ei årleg avkasting på om lag 100 kg.
- Det er ikkje naudsynt med utsetjingar i vatnet.




Svartavasstjørn

Prøvefiske vart gjennomført for å evaluera effekt av tynningsfiske. Kurven under viser teikn til betring og at tynningsfisket gjev effekt. Det er vanskeleg å bygge opp stamma av marflo og skjoldkreps med så mykje fisk i vatnet. Interesse for fiske vert og låg med dårleg fiskekvalitet.



Drageidfjorden




Tiltak/konklusjonar:


- Andelen småfisk har auka som følgje av betra vasskvalitet.
- Gjennomsnittleg K-faktor har auka.
- Prøvefiskematerialet viser ikkje rekruteringsvikt i Dragøyfjorden.
- Overvaking av vasskvaliteten er viktig som vilkår for rekruttering.
- Det er ikkje naudsynt å endra fiskereglane i vatnet.

3.4 Kalking

Kalkinga av Svartavatnvassdraget fortsetter i redusert form i 2008. Det vart ikkje kalka med kalkgrus. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og viser stabil situasjon



pH frå utløpet av det kalka Svartavass tjørnet



pH frå det ukalka referansevassdraget

3.5 Anna fiskekultivering

Det er ikkje registrert sprenging av ørekyte.

4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hyttboka, men er i ulik grad med i statistikken under. Grunnlaget for statistikken er innbetalingar for bruk av hyttene. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet "persondøgn". Både vaksne og born er rekna som overnatting for ein person i eit døgn i statistikken under. Det er og kome inn oppgjer for overnatting der hytta ikkje er spesifisert.

Hytte	Persondøgn i 2004	Persondøgn i 2005	Persondøgn i 2006	Persondøgn i 2007	Persondøgn i 2008
Gamla Sandhaug	3	18	Ikkje utleigd	15	
Tinnhølen	56	34	47	36	
Krobu	29	17	18	47	
Stigstuv	4	10	0	0	
Viersla	0	2	16		
Langavasshadle	16	1	20		

4.1 Hyttestyret

Legg inn litt frå aktiviteten til hyttestyret.

Utført insp/ status på hytter, Stigstuv, Tinnhølen, Langavasshadle, Viersla og G.Sandhaug. Hardangervidda Fjelloppsyn v/ Gjøstein ført opp lister på dette. Mesteparten av manglar /innkjøp vart utført av Fjelloppsynet v/ Gjøstein

Krobu :

Transport av ved og kjøpt nye møbler.

Gamla Sandhaug:

Kjørt inn ved, parafin, bord og lenestol, transport av søppel og bygningsavfall i retur.
Øydelagt glasrute skifta.

Viersla:

Kjørt inn gassomn, madrassar, ved og gass, boss i retur.

Stigstuv:

H. Hamre AS vart engasjert til å renovera hytta. Dette har vore eit omfattande arbeid med sikring av taket, oppretting, laga gjennomgang mellom brakkane og innreiing. I tillegg er uthuset innreidd til utedo og vedbu. Hytta har blitt innreidd med to soverom med til saman 6 sengeplassar. Det står att litt innreiing og montering av utedo og solcelleanlegg.

5. Beiteleiga

Halne beitelag er på nytt gjeve høve til ny kontrakt om beiteleige med fjellstyret. Det er Statens Landbruksforvaltning som har fatta vedtaket.

6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver med eit lite overforbruk i forhold til vedteke budsjett.
- Liv Myklatun er styremedlem til styret for Hardangervidda fjelloppsyn AS.
- Aslak Myrvang har vore styremedlem til Noregs Fjellstyresamband og representert regionen; Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Aust-Agder.

Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes

- s -

Liv Myklatun

- s -

Vidar Riber

- s -

Anne Myklatun

- s -

Anders Vaksdal

- s -

Samson Hamre

- s -

Hildegunn Espe

- s -